

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Måndag 09.12.19 kl 12 – kl 14
Tilstede: Svein Slåtsveen, Bjørn Arne Skoglund, Bente Børsheim, Fred Tore Fagereng, Ragnhild Engan, Tone Rubach, Merethe Sund og Arne Flatmo (sak 1).
Forfall:
Kopi til: Vara AU Nord, leiargruppe region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 09.12.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå Medlem region Nord Arne orienterte m.a. om tilførselar pr veke 47, fagmøter og julelunsjar i kretsane, og møter knytt til MRSA. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Målselv har gått tilbake 3 % på storfe. Har vi formeining om retning og prognoser for storfekjøtproduksjonen, knytt opp mot kvoteendring? TYR seier det er ein ubetydeleg auke i mordyrtalet.Reduksjon i tilførselar på småfe på Bjerka, kor mykje mindre slakta der i år enn i fjor frå Trøndelag? Fagutval småfe ikkje tilfreds med reduksjon i salet.Er det i oversikt over tilførselar råd å få med året før + prognoser?Har vi for mykje smågris i region Nord no?MRSA-sanering: Utfordring med krav frå Mattilsynet og Fylkesmannen, som fører til store kostnader for produsent.	
2	Orientering frå styremøtet 04.12 Merethe orienterte om vedtak om å avvikle skjering av gris på Rudshøgda og slakting Otta pga overkapasitet. Hadde ei tredjepartsvurdering som grunnlag. Alternativ verksemd på Otta vert vurdert. Status økonomisk situasjon. Redusert sal av Gildeprodukt, men auke på Prior. Status kjedeforhandlingar. Fokus på sal av sau og lam. COWI: Dom i februar. Strategi: Jobbast med, også ny organisasjonsmodell. På Heimdal investerast i ny pakkemaskin for egg. Status NOVA. Leveringsvilkår gris: Arbeidast med kombinertprodusentar over til slaktegrisproduksjon, samt faste leveringsavtalar. Småfe: Auka lammeringstillegg. Høyringssaka i kretsutvalet: Takast vidare. Dobbelt mottaksplikt: Jobbast grundig med. Marknadssituasjon – tilførselar og sal. Norske ullordninga med tilskot er klaga inn til ESA. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Dobbelt mottaksplikt: Når er det forventa avklaring? Kven har ansvar for Medlemsbutikkane og oppfølging av dei?TINE har hatt revisjon og fått kritikk for handtering av slakt. Gjev utfordring for distribusjon av retur og nisje. Svein vidaresender info til Tone, for oppfølging.Bjørn Arne sjekkar opp Nortura sin representasjon i regionalt partnerskap, for innspel til Innovasjon.Er støyen rundt nedlegginga av Otta-anlegget som venta?	

3 **Evaluering av regionutvalsmøtet 30. – 31.10**

Brit Kari orienterte.

Innspel/kommentarer:

- Fått gode tilbakemeldingar. Innspel til høyrings-saka kunne vore gjort på ein annan måte.
- Lange dagar ikkje til å unngå, vi er her for å gjere ein jobb.
- Fleire 5 minutts avbrekk kan vere ei løysing.
- God stemning, også om kvelden, godt fornøgde, tid til å stille spm, ikkje hastverksmøte. Svein Inge kunne fått meir tid.
- Saklege og konkrete innlegg.

Vedtak: AU tek evalueringa til orientering.

4 **Møteplan 2020**

Brit Kari orienterte.

Innspel /kommentarer:

- Fysisk møte i mai er vanskeleg pga travel tid. Behov for fysisk møte?
- Ope for innspel til planen ei veker tid.
- Avvente å bestemme om mai-møtet skal vere tlf møte eller fysisk møte til møtet 24.04

Vedtak: Dersom ingen innspel til møteplan 2020 innan 16.12, er den vedtatt slik den ligg føre.

5 **Kretsmøteplan**

Svein og Bjørn Arne avtalar fordeling av møta mellom seg. Svein deltek på Finnmarkssamlinga, kanskje også med ein AU-medlem til?

Ingen innspel/kommentarer.

Vedtak: Svein og Bjørn Arne avtalar fordeling av møta mellom seg.

Svein og
Bjørn Arne

6 **Innspel til Troms og Finnmark Fylkeskommune om tema til jordbruksforhandlingane**

Brev vedlagt. Frist for innspel 08.01.20.

Innspel/kommentarer:

- Gris må nemnast, det vert færre produsentar og redusert miljø. Viktigheita av at gris på anlegga er med å halde oppe aktiviteten i tillegg til storfe og småfeslakting. Må ikkje ta ned produksjonen meir. Distriktsgrisen er viktig.
- Egg: Overskotssituasjon.
- Gris må løftast høgt. Synleggjere ringverknader. Sende uttalen også til dei politiske partia, som jobbar med sine innspel no. Vere tydeleg på at satsing på større sentrallager ikkje er ynskjeleg, fokus på produksjon i Nord knytt til klima.
- Investeringstilskot for overgang frå båsfjøs til lausdrift. Klima- og dyrevelferdstiltak utan at bønder må ta heile kostnaden.
- Investeringstilskot for overgang frå båsfjøs til lausdrift er prioritert allereie. Fokus på kostnadsnivået slik at fleire kan klare ei omlegging.
- Innovasjon har ei føring om auke av produksjonen for å få tilskot. Men mange har ikkje areal i handterbar nærheit.
- Auke i produksjonen skuldast krav om lønsemd i prosjektet.
- Troms og Nordland er gode beitefylke. Er god dyrevelferd og må få fram kunnskap om karbonbinding.
- På Hurtigruteseminaret orientering om forskning på karbonbinding ved beitebruk.
- Avløysartilskot gjennom fagлага?
- Bønder i krise har ei ordning som støtteapparat kan løyse ut. Burde ha vore

Vedtak: Svein skriv forslag til innspel, som vert sendt AU før innsending.

Svein

7 **Orientering frå fagutvala og ansvars-kretsane**

Fred Tore orienterte om at fagutval storfe har fokus på avtaleinnmelding og klassifisering. Deltatt på møte ved Nortura Målselv med info frå Animalia. Vore for snill med klassifisering tidlegare, av omsyn til tilskotssystem. Klassifisør treng eit visst antal for kalibrering.

Bente orienterte om endring i tilleggssytingar på gris pga for mykje smågris. Møte i fagutvalet i neste veke om 2-prissystem for smågrisavtale. Utfordring for distriktsgrisen. Økonomi også utfordring. På forrige møte hatt med Norsvin og diskutert målpris.

Ragnhild orienterte frå fysisk møte i fagutval småfe. Grei sesong, god kvalitet, god forsyning av marknaden. Gått litt ned på marknadsandel, særleg på slutten. Eksport ca 660 tonn av sau. Redusert industrisal. Stort eige lager + reg lager av lam. Treng salstrøkk mellom sesongane av Kvardagslam. Saueburger under utvikling. Innspel til jordbruksforhandlingane. Info frå Totalmarked. Auka lammeringstillegg. Info frå Animalia om at det vert jobba med objektiv klassifisering. Bra påmelding til kongressen Lam 2020 i Tromsø. Usikkerheit om Gilde-merking av Thulefjord.

Bjørn Arne orienterte om at fagutval egg skal ha møte i neste veke. Endra prognoser. Lokalt møte i forrige veke med oppdrettar med tema kvalitet på fjøyrdrakt.

Tone orienterte om diskusjon lokalt om 7-vekers avtaleinnmelding, og frustrasjon. Saknar infodeling om livdyr, medlemskjøp, medlemsbutikkar, må etterspør. Brit Kari tek det vidare.

Brit Kari

Spørsmål/kommentarar:

- Info til storfeprodusentar i etterkant av klassifiseringsmøtet ved Nortura Målselv? Forklare betre korleis klassifiseringa går føre seg i praksis. Fred Tore kontaktar Birger for mogeleg info som kan sendast ut.
- Animalia sendte ut info i forrige veke om korrigering.
- Har fagutval storfe jobba med å ta bort 7-vekers innmeldinga?
- Kvifor plutselig nedgang i salet av lam? Og like stor som nedgangen i produksjonen? Har laga Thulefjord sauerull og to variantar sauepølse.
- Gilde-posane med pinnekjøtt ser ulekker ut, mykje feitt på det blanke vindaugget. Spar-butikk ikkje lukkast å få tilgang på Thulefjord-rull.

Fred Tore

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 **Eventuelt**